



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2011/128796-014


Dykkar referanse:

Vår dato:
04.04.2014

Vedrørende utbetring av krysset fv 564 Rosslandsvegen / Mjåtveitmarka

Vi viser til e-post mottoken 05.02.2014, samt tidlegare korrespondanse og telefonsamtaler om denne saka.

Krysset mellom Rosslandsvegen og Mjåtveitmarka er sist regulert i Meland kommune sin plan 125620060002 *Reguleringsplan for Mjåtveitmarka* frå 2009.



Utsnitt frå gjeldande reguleringsplan 125620060002.

Reguleringsplanen viser trafikkøy i krysset. Krysset vart først bygt utan kanalisering/trafikkøy. I 2012 vart det skissert ei utbetring av krysset. Statens vegvesen venta på å få ein byggeplan for dei planlagde endringane tilsendt for godkjenning. Vi mottok ingen slik plan, og krysset vart bygd om utan godkjenning frå vegvesenet.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Slik krysset ligg i dag vert gang- og sykkelvegen ikkje leia gjennom krysset på ein trygg måte. Det er særleg tre tilhøve som er risikofylte med omsyn til trafikktryggleiken:

- Trafikkøya nærast fylkesvegen ligg som eit fysisk hinder i traséen som leier gang- og sykkelvegen gjennom krysset. Den kan utgjere ein særleg fare for syklende som skal rett fram gjennom krysset og ikkje forventar å møte eit slikt hinder.



Trafikkøy utgjør hinder og fare, særleg for syklende.

- Bilar som kjem køyrande på fylkesvegen frå vest og skal svinge til høgre inn til Mjåtveitmarka kan få mjuke trafikantar som kjem i same retning på gang- og sykkelvegen i dødvinkelen når det gjeld sikt. På grunn av kort avstand frå køyrebanekant til kryssingspunkt for gåande/syklende gjev dette fare for trafikkulukker i form av påkøyrslar.
- Trafikkøya er for smal. Der øya vert kryssa av gåande bør den vere 2 meter brei for å vere dimensjonert mellom anna for at gåande med barnevogn skal kunne stoppe og vente for kryssande trafikk.

Krav til utbetringar

Gjeldande vegnormalar og råd frå handbøkene til Statens vegvesen ligg til grunn for dei krava vegvesenet vil stille til eit utbetra krys. I denne saka vil vi særleg framheve følgjande:

- Kryssingspunkt for gåande/syklende bør trekkast 5 meter tilbake inn mot Mjåtveitmarka slik at ein innsvingande bil kan stoppe mellom fylkesvegen og gang- og sykkelvegen. Å trekke kryssingspunktet inn på denne måten, vil også redusere risikoen for påkøyring i samband med høgresving inn mot Mjåtveitmarka (jamfør ovanfor) ved at køyrande som svingar inn kjem meir vinkelrett på gang- og sykkelvegen, og slik får betre sikt til kryssande gang- og sykkeltrafikk.
- Krav til minste horisontalkurveradius der gang- og sykkelvegen vert leia inn mot kryssingspunktet er 40 meter. Dei siste 5 metrane inn mot krysset bør gang- og sykkelvegen stå vinkelrett på vegen Mjåtveitmarka for å sikre god sikt.
- Krav til utforming av trafikkøy følgjer av vår handbok 263 *Geometrisk utforming av veg- og gatekryss*. Krav til skilting framgår av handbok 046 *Planlegging og oppsetting av trafikkskilt*.

Som opplyst i vårt brev dagsett 05.11.2012 vurderer vi at trafikkmengda i krysset tilseier at det kan vere trong for ei passeringslomme på nordsida av fylkesvegen. Dersom det oppstår trafikkavviklingsproblem i krysset, rår vi kommunen til å følgje dette opp vidare.

Vidare saksgang

Statens vegvesen rår til at representantar for utbygger/buet i Mjåtveitmarka tek kontakt med ein vegplanleggar og får utarbeida ein byggeplan for eit utbetra kryss i samsvar med føringane ovanfor. Byggeplanen må godkjennast av vegvesenet, som forvaltar av fylkesveganlegget på vegne av Hordaland fylkeskommune, før kommunen gjev igangsetjingsløyve til vidare arbeid i krysset.

Statens vegvesen rår til at Meland kommune ikkje gjev nye bruksløyve, ferdigattestar, igangsetjingsløyve e.l. til utbyggingstiltak i Mjåtveitmarka før krysset er utbetra i samsvar med føringane ovanfor.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonsjef

Unn Jenny Utne Kvam
Unn Jenny Utne Kvam